



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 19.06.2025
Møtetid: 15:00 - -21:15
Møtestad: Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Odd-Marthin Totland	medlem	H	
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Monika Thorpe	MEDL	AP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kristian Semmingsen Lerøy	Monika Thorpe	AP	

Følgjande frå administrasjonen møte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Bjørnar Fjellhaug	Kommunedirektør
Asbjørn Toft	Plansjef
Øyvind Dalland	sakshandsamar

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 45/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 19. juni 2025	
PS 46/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 15. mai 2025	
PS 47/2025	Referatsaker til kommunestyremøtet 19. juni 2025	
RS 23/2025	Effektar av revidert nasjonalbudsjett 2025 - Anslag kommunevise tal (frå Telemarksforsking)	
RS 24/2025	Tilbakemelding etter kommunemøte med Austrheim kommune 24.04.2025.	
RS 25/2025	Årets statusrapport for kommunene	
RS 26/2025	Referat frå OU Nordhordland 09.mai 25	
RS 27/2025	Protokoll 1-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 11. april	
RS 28/2025	Presentasjon frå NAV Region Nordhordland si bedriftsundersøking 2025	
RS 29/2025	Tilstandsrapport barnehage- og skuleåret 2024/2025	
RS 30/2025	Gjeldsrapport mai 2025	
RS 31/2025	Presentasjon frå Dialogmøte mellom NAV og kommunane i Nordhordland - 23. mai 2025	
OS 2/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 19.06.2025	
OS 3/2025	Skulpturell minibru ved Austrheim kommunehus	
PS 48/2025	Godkjenning av kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037-Plan ID 2023001	
PS 49/2025	Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 20219 - 2029 - planid 2013001 - Godkjenning av mindre planendring	

PS 50/2025	Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule
PS 51/2025	Årsberetning 2024 - Austrheim kommune
PS 52/2025	Rekneskap 2024
PS 53/2025	Rekneskap mai 2025
PS 54/2025	Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2026
PS 55/2025	Langsiktige økonomiske tiltak for ein berekraftig økonomi i Austrheim kommune

PS 45/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 19. juni 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 45/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 19. juni 2025
Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Renee Semmingsen (Samlingslista) fremja framlegg om at sak 55/2025 vart utsett inntil den var handsama i dei ulike medverknadsråda: Sak 55/2025 "Langsiktige økonomiske tiltak for ein berekraftig økonomi i Austrheim kommune, vert utsett, inntil den er handsama i medverknadsråda, slik reglementet seier at slike saker skal".

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er uheldig å utsetta saka, og ba om at det kunne diskuterast utan at ein gjer vedtak.

Per Lerøy (Ap) ba om at ein kunne handsama saka punkt for punkt, slik at ein kan parkera enkelte punkt, slik at dei dette gjeld, ikkje treng å ha dette hengande over seg til langt ut på hausten. Går fint å dela denne saka opp punkt for punkt.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa at ho heldt oppe sitt framlegg om utsetting.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at dersom saka ikkje vart utsett, at det så vert tatt eit gruppeleiar møte før saka kjem opp seinare i møtet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at dersom det vert stemt for utsetting, så vert saka i sin heilskap utsett. Elles kan ein gjera vedtak i enkelte punkt, og utsetta noko. Viste elles til at dette er bestilt av kommunestyret, og det har ikkje vore tid til å ta det via råda eller på høyring. Om det skal utsettast no vert det først oppe politisk i september, eller seinare på hausten, og kjem så tett på budsjettarbeidet at ein like gjerne kan ta det i budsjettprosessen. Rådde sterkt frå at denne saka skulle utsettast.

Ordførar Morten Sognnes (H) ba om at ein tar dette med utsetting opp igjen når ein kjem til denne saka i saksprosessen.

Terje Håland (Ap) viste til at denne saka er det jobba med i alle partia. Det er enkelte punkt som får store konsekvensar for brukargruppene, og det er uheldig å utsetta dette no.

Kristian Semmingsen Lerøy (Ap) var på plass til det var avrøysting i denne saka.

Handsaming i møtet.

Saklista vart vedteken med 14 mot 3 røyster. Renee Semmingsen sitt framlegg om å utsetja sak 55/2025 fekk tre røyster: Renee Semmingsen og Ingeborg Hordvik, begge Samlingslista, og Gro Kaland, Senterpartiet.

Vedtak i sak 45/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 19. juni 2025

Kommunestyret - 19.06.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 46/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 15. mai 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 15. mai 2025 vert godkjent.

Sak 46/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 15. mai 2025

Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 46/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 15. mai 2025

Kommunestyret - 19.06.2025

Møteprotokollen frå 15. mai vart godkjent

PS 47/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 19. juni 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 47/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 19. juni 2025
Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 47/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 19. juni 2025
Kommunestyret - 19.06.2025

Referatsakene vert teke til vitande.

RS 23/2025 Effektar av revidert nasjonalbudsjett 2025 - Anslag kommunevis tal (frå Telemarksforsking)

RS 24/2025 Tilbakemelding etter kommunemøte med Austrheim kommune 24.04.2025.

RS 25/2025 Årets statusrapport for kommunene

RS 26/2025 Referat frå OU Nordhordland 09.mai 25

RS 27/2025 Protokoll 1-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 11. april

RS 28/2025 Presentasjon frå NAV Region Nordhordland si bedriftsundersøking 2025

RS 29/2025 Tilstandsrapport barnehage- og skuleåret 2024/2025

RS 30/2025 Gjeldsrapport mai 2025

RS 31/2025 Presentasjon frå Dialogmøte mellom NAV og kommunane i Nordhordland - 23. mai 2025

OS 2/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 19.06.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

Sak 2/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 19.06.2025

Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om status investeringsprosjekt.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om driftsavtalane kommunen har med dei to private fysioterapeutane:

- 596 000 kroner for ein driftsavtale på 100 prosent
- Er avtaleregulert
- Om lag halvparten av tilskotet betaler dei tilbake i leige av lokale, reinhald, utstyr med meir.

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om unge uføre i Austrheim per juni 2025. Reidar Ulvøy (Ap) spurte kva kostnader det kommunale budsjettet har for unge uføre med tanke på kostnader. Her følgde Færøy opp med at desse tala gjerne kan variera litt frå år til år og når på året det er, og at det er vanskeleg å gje heilt konkrete tal.

HR- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om sjukefråværestalet, der det har vore ein veldig god nedgang, til rundt 6 prosent.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om avvik i perioden 1. januar 2025 til juni 2025.

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 2/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 19.06.2025
Kommunestyret - 19.06.2025

Kommunestyret tek orienteringane til vitende

OS 3/2025 Skulpturell minibru ved Austrheim kommunehus

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Skulpturbrua ved kommunehuset er i dårleg teknisk stand med omfattande råte og skade på berande konstruksjonar. Av omsyn til tryggleik skal brua rivast. Det bør arbeidast vidare med planar for ein ny kunstnarisk installasjon i området.

Sak 6/2025 Skulpturell minibru ved Austrheim kommunehus
Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Kommunalsjef samfunn Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Ikkje mogleg å reparera, må ev. byggast ny.

Ordførar Morten Sognnes viste til at det vart gått inn med ein del private midlar for å få på plass denne brua i si tid. Må ha litt respekt for det bidraget frå private/næringslivet, samstundes som det er kostbart å reparera brua. Må ha noko på plass etterpå som viser denne økonomiske støtta og korleis det såg ut. Og må ta lærdom til seinare, at det må vera vedlikehaldsfritt om det skal settast opp noko slikt.

Det vart diskutert litt i formannskapet, mellom anna om ein skal spørja Austrheim vidaregåande om dei ønskjer å bygga ei ny bru.

Semje om at det er OK å riva brua no, og så kan ein komma tilbake til dei folkevalde med budsjett for det som ev. kan setjast opp som ei erstatning for kunstbrua.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 6/2025 Skulpturell minibru ved Austrheim kommunehus
Formannskapet - 10.06.2025

Skulpturbrua ved kommunehuset er i dårleg teknisk stand med omfattande råte og skade på berande konstruksjonar. Av omsyn til tryggleik skal brua rivast. Det bør arbeidast vidare med planar for ein ny kunstnarisk installasjon i området.

Sak 3/2025 Skulpturell minibru ved Austrheim kommunehus

Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga

Per Lerøy (Ap) sa at bruer er med i kommunesongen og kommunevåpen, men med den tilstanden brua er i så må den rivast. Men må rydda opp i uteområdet rundt kommunehuset, med lause heller med meir.

Bjørnar Fjellhaug sa at ein kjem tilbake til kommunestyret med ei sak om eit alternativt monument, anten det vert ei bru eller noko anna.

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 3/2025 Skulpturell minibru ved Austrheim kommunehus

Kommunestyret - 19.06.2025

Skulpturbrua ved kommunehuset er i dårleg teknisk stand med omfattande råte og skade på berande konstruksjonar. Av omsyn til tryggleik skal brua rivast. Det bør arbeidast vidare med planar for ein ny kunstnarisk installasjon i området.

PS 48/2025 Godkjenning av kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037-Plan ID 2023001

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037-Plan ID 2023001 kan godkjennast. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova sin § 11-15.

Sak 55/2025 Godkjenning av kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune
2025-2037-Plan ID 2023001
Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) sa at det er gjort eit godt arbeid, men at det likevel kan vera at det kjem framlegg til endringar i kommunestyret. Mellom anna om å ta med ei satsing på næring inn i visjonen for kommunen. Ordførar Morten Sognnes (H) sa om dette med næring og visjon, at det er noko alle parti kan jobba med fram til kommunestyret 19. juni.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 55/2025 Godkjenning av kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim
kommune 2025-2037-Plan ID 2023001
Formannskapet - 10.06.2025

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037-Plan ID
2023001 kan godkjennast. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova sin § 11-15.

Sak 48/2025 Godkjenning av kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune
2025-2037-Plan ID 2023001
Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) la fram framlegg på vegner av Arbeidarpartiet, Høgre og INP, for visjonen: «Austrheim-ein livskraftig, næringsvenleg og attraktiv kommune, der det er godt å bu, leva og jobba for alle»

Ingeborg Hordvik (Samlingslista) ba om at det vart protokollført at Samlingslista har bedt om ei rullering av KPA – kommuneplanens arealdel.

Ordføraren refererte framlegga til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg frå H/Ap/INP.

Vedtak i sak 48/2025 Godkjenning av kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037-Plan ID 2023001
Kommunestyret - 19.06.2025

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037-Plan ID 2023001 er godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Visjonen skal endrast til: «Austrheim-ein livskraftig, næringsvenleg og attraktiv kommune, der det er godt å bu, leva og jobba for alle»

Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova sin § 11-15.

PS 49/2025 Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 20219 - 2029 - planid 2013001 - Godkjenning av mindre planendring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner mindre planendring av Kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001. Planendringa er:

Ny omsynsone H350 og storullukkegrense i KPA vert slik Equinor Mongstad har vist på verksemda sitt hensynsonekartet datert den 23.12.2022.

Endra føresegn i KPA: § 2.1.3 Næring b. *Næringsområde og andre område innafor den nye storulukkegrensa som og er vist på Equinor Mongstads hensynsonekart datert den 23.12.2022 kan ikkje nyttast til etableringar med hovudformål å tiltrekke seg mest mogeleg alment publikum.*

Revidert føresegn og revidert plankart for kommuneplanen sin arealdel med ny omsynsone H350 og storulykkesgrense vert datert den 19. juni 2025.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-17.

Sak 54/2025 Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2019 - 2029 - planid 2013001 - Godkjenning av mindre planendring
Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Omfattar at det også vert gjort endring av KPA 2.1.3 Næring der "tidlegare" skal endrast til "nye".

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 54/2025 Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2019 - 2029 - planid 2013001 - Godkjenning av mindre planendring
Formannskapet - 10.06.2025

Austrheim kommune godkjenner mindre planendring av Kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001. Planendringa er:
Ny omsynsone H350 og storulukkegrense i KPA vert slik Equinor Mongstad har vist på verksemda sitt hensynsonekart datert den 23.12.2022.

Endra føresegn i KPA:

§ 2.1.3 Næring a. Industriområde N01 (Equinor Mongstad) kan ikkje nyttast til tiltak som utvidar området omfatta av den nye storulukkegrensa.

§ 2.1.3 Næring b. Næringsområde og andre område innafor den nye storulukkegrensa som og er vist på Equinor Mongstads hensynsonekart datert den 23.12.2022 kan ikkje nyttast til etableringar med hovudformål å tiltrekke seg mest mogeleg alment publikum.

Revidert føresegn og revidert plankart for kommuneplanen sin arealdel med ny omsynssone H350 og storulykkesgrense vert datert den 19. juni 2025.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-17.

Sak 49/2025 Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 20219 - 2029 - planid 2013001 - Godkjenning av mindre planendring
Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 49/2025 Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 20219 - 2029 - planid 2013001 - Godkjenning av mindre planendring
Kommunestyret - 19.06.2025

Austrheim kommune godkjenner mindre planendring av Kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001. Planendringa er:

Ny omsynsone H350 og storullukkegrense i KPA vert slik Equinor Mongstad har vist på verksemda sitt hensynsonekartet datert den 23.12.2022.

Endra føresegn i KPA: § 2.1.3 Næring b. *Næringsområde og andre område innafor den nye storullukkegrensa som og er vist på Equinor Mongstads hensynsonekart datert den 23.12.2022 kan ikkje nyttast til etableringar med hovudformål å tiltrekke seg mest mogeleg alment publikum.*

Revidert føresegn og revidert plankart for kommuneplanen sin arealdel med ny omsynssone H350 og storulykkesgrense vert datert den 19. juni 2025.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-17.

PS 50/2025 Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

To alternativ:

1. Kommunestyret ser det ikkje som føremålstenleg å opprette ei eiga kommunal arbeidsgruppe, men ber kommunedirektøren halde fram dialogen med Vestland fylkeskommune og melde tilbake når det ligg føre nye avklaringar.

Eller:

2. Kommunestyret etablerer ei eigen arbeidsgruppe, som saman med administrasjonen jobbar opp mot Vestland fylkeskommune og dei folkevalde på fylkesnivå, for å sikra ei satsing på Austrheim vidaregåande skule.
Kommunestyret oppnemner kandidatar til arbeidsgruppa.

Sak 63/2025 Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule

Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Per Lerøy (Ap) la fram Ap sitt framlegg til vedtak i denne saka: "Austrheim kommune tek initiativ til å etablere ei arbeidsgruppe for Austrheim vidaregåande skule. Arbeidsgruppa bør vera samansett av to representantar frå kommunen, to frå næringslivet og to frå skuleleiinga ved AVS, samt ein tillitsvalt ved AVS. Gruppa skal jobba for å utvikla AVS både når det gjeld innhald, studietilbod og skulebygg. Arbeidsgruppa skal sikra at skulen til ei kvar tid er tilpassa behovet til det lokale næringslivet og offentleg sektor i Nordhordland. Arbeidsgruppa skal jobba inn mot fylkespolitikarane og fylkesadministrasjonen med tanke på å sikra ei god og positiv utvikling av skulen."

Lerøy oppfordra til at kommunen tar initiativ til å løfta denne saka, og få i gang arbeidet med å oppretthalda og vidareutvikla Austrheim vidaregåande skule.

Morten Sognnes (H) kom med tilleggsframlegg: "Austrheim kommune tek initiativ til å etablere ei arbeidsgruppe for Austrheim vidaregåande skule. Arbeidsgruppa bør vera samansett av to representantar frå kommunen, og om mogleg representantar frå nabokommunane, to frå næringslivet og to frå skuleleiinga ved AVS, samt ein tillitsvalt ved AVS. Gruppa skal jobba for å utvikla AVS både når det gjeld innhald, studietilbod og skulebygg. Arbeidsgruppa skal sikra at skulen til ei kvar tid er tilpassa behovet til det lokale næringslivet og offentleg sektor i Nordhordland. Arbeidsgruppa skal jobba inn mot fylkespolitikarane og fylkesadministrasjonen med tanke på å sikra ei god og positiv utvikling av skulen".

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Per Lerøy (Ap) sitt framlegg til vedtak, med tillegg frå Morten Sognnes (H):

Vedtak i sak 63/2025 Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule

Formannskapet - 10.06.2025

Austrheim kommune tek initiativ til å etablere ei arbeidsgruppe for Austrheim vidaregåande skule. Arbeidsgruppa bør vera samansett av to representantar frå kommunen, og om mogleg representantar frå nabokommunane, to frå næringslivet og to frå skuleleiinga ved AVS, samt ein tillitsvalt ved AVS. Gruppa skal jobba for å utvikla AVS både når det gjeld innhald, studietilbod og skulebygg. Arbeidsgruppa skal sikra at skulen til ei kvar tid er tilpassa behovet til det lokale næringslivet og offentleg sektor i Nordhordland. Arbeidsgruppa skal jobba inn mot fylkespolitikarane og fylkesadministrasjonen med tanke på å sikra ei god og positiv utvikling av skulen.

Sak 50/2025 Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule

Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Renee Semmingsen (Samlingslista) ba om tid til eit gruppemøte før handsaming av denne saka.

Det vart tatt pause for eit slikt møte.

Etter gruppemøtet orienterte kommunalsjef Bjarte Rosenlund om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ann Kristin Leirvåg la fram framlegg til medlemmer, på vegner av Ap, Høgre og INP:

"Austrheim kommune tek initiativ til å etablere ei arbeidsgruppe saman med representantar for næringslivet og Austrheim vidaregåande skule. Arbeidsgruppa skal saman med administrasjonen jobba opp mot Vestland fylkeskommune og dei folkevalde på fylkesnivå, for å sikra ei vidare satsing og utvikling av Austrheim (Fensfjord) vidaregåande skule. Naturlege samarbeidspartnarar for arbeidsgruppa vil vera: Nordhordland Næringslag, Regionrådet i Nordhordland, Opplæringskontoret for Nordhordland og Knarvik vidaregåande skule.

Gruppa bør ha to representantar oppnemnd av kommunestyret.

Vidare to representantar frå næringslivet. Her er forslaget William Raugstad og Vegar Sætre, desse har begge takka ja.

To representantar valt av leiinga ved AVS, samt ein tillitsvalt frå skulen. "

Ordførar Morten Sognnes ba kommunestyret om å ta stilling til om det skal etablerast ei slik arbeidsgruppe, før ein går på kven som skal vera medlemmer. Kommunestyret støtta sams at ei slik arbeidsgruppe skal etablerast.

Renee Semmingsen (Samlingslista) hadde framlegg om at Per Lerøy og Ingeborg Lohne Hordvik vert valde frå kommunestyret til denne gruppa.

Frank Erik Øksnes (Uavh) sa at Lisbeth Oen (Uavh) kan vera vararepresentant for kommunestyret

Per Lerøy (Ap) ba om at det vart tatt pause for gruppeleiar møte.

Etter gruppeleiar møtet la Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) fram eit nytt framlegg til vedtak, på vegner av gruppeleiarfora: "Kommunestyret i Austrheim opprettar ei arbeidsgruppe som har til føremål å utvikle Austrheim vidaregåande skule.

Gruppa består av:

Per Lerøy

Ingeborg Hordvik

William Raugstad
Vegar Sætre
Kristoffer Myklebusthaug

Representant(ar) frå Austrheim Vidaregåande skule

Gruppa inviterer sjølv med seg representantar frå dei naturlege nabokommunane."

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for gruppeleiarfora sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 50/2025 Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule
Kommunestyret - 19.06.2025

Gruppeleiarfora har dette framlegget til vedtak i sak 50/2025

Kommunestyret i Austrheim opprettar ei arbeidsgruppe som har til føremål å utvikle Austrheim vidaregåande skule.

Gruppa består av:

- Per Lerøy
- Ingeborg Hordvik
- William Raugstad
- Vegar Sætre
- Kristoffer Myklebusthaug

Representat(ar) frå Austrheim Vidaregåande skule

Gruppa inviterer sjølv med seg representantar frå dei naturlege nabokommunane.

PS 51/2025 Årsberetning 2024 - Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommunestyre godkjenner [årsberetning for 2024](#) slik den ligg føre.

Sak 58/2025 Årsberetning 2024 - Austrheim kommune

Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) stilte spørsmål ved rekneskapstala. Dette vart svara ut i samband med sak 59/2025 "Rekneskap 2024"

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 58/2025 Årsberetning 2024 - Austrheim kommune

Formannskapet - 10.06.2025

Austrheim kommunestyre godkjenner [årsberetning for 2024](#) slik den ligg føre.

Sak 51/2025 Årsberetning 2024 - Austrheim kommune

Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug gjekk gjennom årsmeldinga, jamfør saksframlegget.

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 51/2025 Årsberetning 2024 - Austrheim kommune
Kommunestyret - 19.06.2025

Austrheim kommunestyre godkjenner årsberetning for 2024 slik den ligg føre.

PS 52/2025 Rekneskap 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sak 59/2025 Rekneskap 2024
Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Kommunalsjef Helse og oppvekst, Trine Merete Jansen, viste til at posten for tenestekjøp også omfattar Barnevern, Fensfjorden PPT, gjesteelevar som går på skule i andre kommunar (inkludert PPT-behov for desse), Nav Fensfjorden (inkludert utgifter til sosiale utbetalingar).

Dommersnes viste til innspelet frå Kontrollutvalet om hyppigare rapportering, dette vil administrasjonen følgja opp. Vil også skjerpa inn at dei folkevalde får tidlegare beskjed dersom der er avvik, slik at ein eventuelt kan setja inn tiltak.

Ordførar Morten Sognnes (H) sa at formannskapet framover må ha tettare informasjon om den løpande økonomiske utviklinga.

Per Lerøy (Ap) viste til den orienteringa som formannskapet fekk i i august 2024, som gav eit mykje meir positivt inntrykk enn det som blei årsresultatet. Her svara Odd Harald Dommersnes at det var dei tala ein hadde då, men må berre ha tettare rapportering for å samla opp utviklinga.

Per Lerøy (Ap) spurte om rekneskapstala, og viste til avvik frå budsjett på varer og tenester, og løn, samstundes som skatteinntektene har vore litt høgare enn budsjettert. Her svara

Odd Harald Dommersnes at dette er tala for heile kommunen, og oppmoda til å sjå desse tala i samanheng med tala for den enkelte eininga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 59/2025 Rekneskap 2024

Formannskapet - 10.06.2025

1. Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2024.
2. Det negative netto driftsresultat i rekneskap for 2024 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond.

Sak 52/2025 Rekneskap 2024

Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

HR- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) takka for gjennomgangen av økonomien og rekneskapen. Viste til at det er lønnskostnader som har vore for høge, skatteinntekter har vore normale. Må vera merksam på at utbytta frå Eviny og andre har vore unormalt høge dei siste åra, desse må ein vera med nøkterne med framover. Trur at skatteinntektene er budsjetterte for høgt i år, men om desse vert mindre vil kanskje rammeoverføringane verta tilsvarande auka.

Aslak Andre Bakke H) spurte om eigedomssalsinntekter, her svara Odd Harald Dommersnes at det er budsjettert med salsinntekter også i år som ein ikkje ser at ein får.

Aslak Andre Bakke (H) spurte vidare om kva salsinntektene må vera framover for å dekkja inn det budsjetterte. Her svara Odd Harald Dommersnes at næringstomta på Mongstad må seljast for minst 25 millionar kroner. Det er også lagt inn salsinntekter som finansiering av helse- og omsorgstun med meir, må venta med investeringar til det er komme salsinntekter.

Revisor Janne Eraker frå Vestlandsrevisjon gjekk gjennom vedlegget "Melding frå Uavhengig revisor", som var med som saksvedlegg til saka.

Jan Erik Espelid, leiar av kontrollutvalet, presenterte utvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2024, og vedtak om oppstart av forvaltingsrevisjon.

Per Lerøy (Ap) ba om at formannskapet og kommunestyret blir halde løpande orienterte om revisjonsarbeid i regi av kontrollutvalet, Espelid svara at det vil bli gjort.

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 52/2025 Rekneskap 2024

Kommunestyret - 19.06.2025

1. Kommunestyret godkjenner rekneskap for 2024.
2. Det negative netto driftsresultat i rekneskap for 2024 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond.

PS 53/2025 Rekneskap mai 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar økonomirapporten for mai til vitende.

Sak 61/2025 Rekneskap mai 2025

Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksframlegget. Lenke til Framsikt som vart brukt: https://pub.framsikt.net/2025/austrheim/mr-202505-prognoserapport_per_mai

- Det var litt spørsmål om sosiale utgifter, kor vidt det er atypisk at det er ein auke. Administrasjonen viste til at at Fedje også har ein stor auke, der dei alt har brukt opp alt som er sett av i budsjettet for 2025.
- Dommersnes viste til at ein faktor som særleg dreg opp sosiale kostnader, er at leigekostnadene er høge i Austrheim. Kommunen har ikkje nok bustader sjølve, og

må leiga inn privat for å leiga ut vidare, her betaler ein meir til huseigar enn det kommunen kan ta frå den som bur der.

- Det er klart at det i 2025 er høgare renteutgifter, lågare utbytte, lågare skatteinntekter og auka utgifter til sosialstøtte.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 61/2025 Rekneskap mai 2025

Formannskapet - 10.06.2025

Kommunestyret tar økonomirapporten for mai til vitande.

Sak 53/2025 Rekneskap mai 2025

Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

HR- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 53/2025 Rekneskap mai 2025

Kommunestyret - 19.06.2025

Kommunestyret tar økonomirapporten for mai til vitande.

PS 54/2025 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar til vitende budsjettforutsetninger for budsjett 2026, som er gitt i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Sak 60/2025 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2026

Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 60/2025 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2026

Formannskapet - 10.06.2025

Kommunestyret tar til vitende budsjettforutsetninger for budsjett 2026, som er gitt i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Sak 54/2025 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2026

Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

HR- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordføraren refererte framlegget til vedtak:

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 54/2025 Ramme frie inntekter og føresetnad for budsjett 2026

Kommunestyret - 19.06.2025

Kommunestyret tar til vitende budsjettforutsetninger for budsjett 2026, som er gitt i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

PS 55/2025 Langsiktige økonomiske tiltak for ein berekraftig økonomi i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Tiltaka som er tilrådd vert innarbeidd i økonomiplanperioden for 2026-2029.
Kommunestyret ber kommunedirektøren set i gang arbeid med førebuing og iverksetjing av tiltaka.
2. Kommunestyret ber at kommunedirektøren set i gang arbeid med utgreiing av tiltaka som er tilrådd utgreidd og kjem attende med eiga sak.

Sak 62/2025 Langsiktige økonomiske tiltak for ein berekraftig økonomi i Austrheim kommune
Formannskapet - 10.06.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.
Den enkelte kommunalsjefen supplerte med opplysningar der det var naturleg.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om dette kan medføra oppseiingar. Her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det ikkje er tenkt, men det kan verta ein utveg. Dyrkolbotn supplerte at dersom det skal bli oppseiingar må politkarane orienterast om dette konkret. Fjellhaug viste til at det ligg til kommunedirektøren sitt mynde å justera dei enkelte stillingane, men det er naturleg halda administrasjonsutvalet og formannskapet tett orienterte.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 62/2025 Langsiktige økonomiske tiltak for ein berekraftig økonomi i Austrheim kommune
Formannskapet - 10.06.2025

1.Tiltaka som er tilrådd vert innarbeidd i økonomiplanperioden for 2026-2029.

Kommunestyret ber kommunedirektøren set i gang arbeid med førebuing og iverksetjing av tiltaka.

2.Kommunestyret ber at kommunedirektøren set i gang arbeid med utgreiing av tiltaka som er tilrådd utgreidd og kjem attende med eiga sak.

Sak 55/2025 Langsiktige økonomiske tiltak for ein berekraftig økonomi i Austrheim kommune
Kommunestyret - 19.06.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ann-Kristin Leirvåg (Ap) la fram fellesframlegg til endringar, jamfør det som gruppeleiarane har komme fram til. Dette vart noko redigert undervegs i møtet:

"PS 55/25 - Framlegg frå Ap, H, INP, Sp og Samlingslista.

Kommunestyret ber først og fremst kommunedirektøren om å sjå til at administrasjonen har full kontroll på kostnadane i 2025 og at desse er i tråd med det vedtekne årsbudsjettet. Eventuelle avvik skal straks rapporterast til formannskapet og tiltak skal setjast i verk for å retta opp desse. Bruk av tilleggsinntekter i budsjettåret skal godkjennast av formannskapet og kommunestyret.

Kommunen har nyleg vore gjennom ei omorganisering og den nye organisasjonen må no få setja seg. Kommunestyret kan derfor ikkje støtta ein prosess der resultatet kan bli nye organisasjonsendringar eller utfasing av tenester eller avdelingar.

Når det gjeld innsparingstiltak så er det naturleg å jobba med dette i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet. Innsparingstiltak bør vera føreseielege og ikkje framstå som avtalebrot eller omkampar. Andre aktørar har lagt sine planar basert på kommunale vedtak og då må kommunen kunna levera på desse.

I samband med punkta over vil me peika på råda me fekk frå Statsforvaltaren:

- Vurder nøye kva tenester og funksjonar de eventuelt kvittar dykk med, det kan vera svært nyttig å ha kontroll over ressursane sjølv.
- Ikkje stram for hardt til med det same. Legg ein langsiktig plan for oppbygging av disposisjonsfondet.

Basert på dette vil kommunestyret be om at eventuelle innsparingstiltak vert innført gradvis i økonomiplanperioden og på ein slik måte at både interne og eksterne aktørar får tid til å tilpassa seg innsparingstiltaka.

Økonomistyringa i kommunen har vore dårleg. Me ber om at kontrollutvalet snarast bestiller ein forvaltningsrapport om kommunen si økonomistyring frå Vestlandsrevisjon IKS. Denne forvaltningsrapporten skal prioriterast og vil føra til at andre forvaltningsrapportar vert skjøve ut i tid, eventuelt til neste kommunestyreperiode. Forvaltningsrapporten må identifisera alle eventuelle avvik, observasjonar eller uheldige rutinar i kommunen si økonomistyring og koma med forslag til tiltak for å lukka desse.

Desse tiltaka/tilboda skal vidareførast som i dag:

- Barnehagetilbodet om sommaren.
- Vidarefør kontinuert opptak i barnehagane inntil bemanninga må aukast, då må nye inntak godkjennast av formannskapet.
- Samanslåing av barnehagane kan ikkje skje dersom dette er ulovleg. Sjå skriv frå Utdanningsforbundet.
- Ungdomsklubben vert vidareført som i dag.
- Ungjobb vert vidareført som i dag
- Driftstilskot kyrkja vert vidareført som i 2025.
- Fysioterapitilbodet skal oppretthaldast. Ingen kutt i driftstilskotet.
- Vidareføra køyringa til Aufera.
- Me skal framleis ta inn TAF-elevar.
- Annonsering i lokalavisene.
- Revisjonstenestene skal ikkje setjast ut på anbod.
- Tilskot Kunsthuset.

Følgjande tiltak skal ikkje vurderast:

- Etablere eige aksjeselskap saman med andre kommunar for å drifte plan og byggesak.

Avdelinga for plan og byggesak er svært effektiv og har eit godt omdømme både i og utanfor kommunen. Denne avdelinga skal oppretthaldast som i dag.

Dersom andre kommunar i regionen er interessert i eit samarbeid, kan det vurderast å etablere eit interkommunalt VA-selskap.

Elles ber me kommunedirektøren om følgjande:

- Vurdere hjelpemiddellager
- Gjennomgå bilhaldet for å sjå etter moglege innsparingar.
- Leggja fram ei oversikt over politiske godtgjersler for vurdering i kommunestyret."

Renee Semmingsen (Samlingslista) presiserte at det også var semje om at Ungjobb også skulle halda fram som i dag. Dette vart lagt inn i fellesframlegget.

Reidar Øksnes (Sp) hadde spørsmål til kring budsjettering med salsinntekter, og sa at ein bør ta det inn som at dersom ein får salsinntekter så kan ein bruka midlane.

Aslak Bakke (H) ba om at det vart justert litt på ordlyden i fellesframlegget, når det er lagt inn at ein "ikkje skal" kutta i noko tar ein vekk rommet for å gjera endringar.

Per Lerøy (Ap) sa om dei vidaregåande skulane at det har vore uttalt at ein skal støtta opp om begge desse i regionen. TAF Helse er veldig viktig for Knarvik VGS og regionen, difor er det viktig å ta inn TAF-elevar.

Renee Semmingsen (Samlingslista) sa seg usamd med Bakke i at ein må ta vekk "ikkje" i ordlyden, for dette er ting ein ikkje vil kutta.

Frank Erik Øksnes (Uavhengig) gav skryt til kommunedirektøren for at det var levert ei kuttliste som bestilt, men når ein leverer ei kuttliste må ein rekna med at det ikkje vert støtte til alt.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at leigeavtalen med Hjelpemiddelsentralen i den gamle butikken på Austrheim må seiast opp, det må vera mogleg å rusta opp lokale i kjellar og 1. etasje i Kanser dalen til dette. Ulvøy ba vidare om at bruk av innleigde konsulentar vart loggført slik at ein seinare kan sjå kva ein har brukt og kvifor. Ulvøy sa vidare at det er viktig med hyppige kontrollar vidare på økonomien.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er rapportert i Framsikt for bruk av konsulentar og liknande.

Kommunalsjef Trine M. Jansen (kommande konstituert kommunedirektør) kommenterte moglegheita for å slå saman barnehagane til ein barnehage med to lokalitetar. Er mogleg etter lovverket å ha ein barnehage med to lokasjonar, dette er sjekka ut med Statsforvaltaren i Vestland på at det kan gjerast som eit administrativt vedtak. Eit alternativ er å ha ein barnehage i Austrheim, det har ein ikkje planlagt her i Austrheim. Meiner at det vert meir fleksibelt med ein barnehage med to avdelingar, med tanke på fleksibilitet for personale med meir. Intensjonen er at dette skal gje betre rammer for drifta.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at dersom ein skal endra organiseringa av barnehagane, så må dette ut til SU i begge barnehagane, på ein litt breiare runde enn berre kommunestyret.

Renee Semmingsen (Samlingslista) spurte kva innsparinga kan bli med å ha ein barnehage.

Kommunalsjef Trine M. Jansen svara at det ikkje er rekna så nøye på innsparingar, men det kan gje meir fleksibilitet og gjera einingane mindre sårbare.

Ann-Kristin Leirvåg (Ap) spurte om ei annonsert sparetiltak i Arbeid og inkludering, med ei stilling på helg. Her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det ligg inne i den førre innsparingsrunden som er vedteke. Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy supplerte med at dette er eit resultat av at det statlege tilskotet til særleg ressurskrevjande brukarar er redusert, og at denne helgestillinga er eit tiltak for å halda budsjettet.

Kommunalsjef Trine M. Jansen sa vidare om å slå saman barnehagane at dette er noko som er jobba med over tid, der det ligg ei fagleg vurdering til grunn. Håpar og trur at det skal gje innsparing, men handlar meir om å klara å levera kvalitet i tenestene.

Frank Erik Øksnes (Uavh) sa at det gjerne kan leggst fram ei sak om å slå saman barnehagane seinare dersom dette er lovleg.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det kjem opp ei sak seinare på dette.

Ordføraren refererte framlegga til vedtak.

Legg kommunedirektøren sitt framlegg til grunn, med dei endringane.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 55/2025 Langsiktige økonomiske tiltak for ein berekraftig økonomi i

Austrheim kommune

Kommunestyret - 19.06.2025

1.Tiltaka som er tilrådd vert innarbeidd i økonomiplanperioden for 2026-2029.

Kommunestyret ber kommunedirektøren set i gang arbeid med førebuing og iverksetjing av tiltaka.

2.Kommunestyret ber at kommunedirektøren set i gang arbeid med utgreiing av tiltaka som er tilrådd utgreidd og kjem attende med eiga sak.

PS 55/25 - Framlegg frå Ap, H, INP, Sp og Samlingslista.

Kommunestyret ber først og fremst kommunedirektøren om å sjå til at administrasjonen har full kontroll på kostnadane i 2025 og at desse er i tråd med det vedtekne årsbudsjettet.

Eventuelle avvik skal straks rapporterast til formannskapet og tiltak skal setjast i verk for å retta opp desse. Bruk av tilleggsinntekter i budsjettåret skal godkjennast av formannskapet og kommunestyret.

Kommunen har nyleg vore gjennom ei omorganisering og den nye organisasjonen må no få setja seg. Kommunestyret kan derfor ikkje støtta ein prosess der resultatet kan bli nye organisasjonsendringar eller utfasing av tenester eller avdelingar.

Når det gjeld innsparingstiltak så er det naturleg å jobba med dette i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet. Innsparingstiltak bør vera føreseielege og ikkje framstå som avtalebrot eller omkampar. Andre aktørar har lagt sine planar basert på kommunale vedtak og då må kommunen kunna levera på desse.

I samband med punkta over vil me peika på råda me fekk frå Statsforvaltaren:

- Vurder nøye kva tenester og funksjonar de eventuelt kvittar dykk med, det kan vera svært nyttig å ha kontroll over ressursane sjølv.
- Ikkje stram for hardt til med det same. Legg ein langsiktig plan for oppbygging av disposisjonsfondet.

Basert på dette vil kommunestyret be om at eventuelle innsparingstiltak vert innført gradvis i økonomiplanperioden og på ein slik måte at både interne og eksterne aktørar får tid til å tilpassa seg innsparingstiltaka.

Økonomistyringa i kommunen har vore dårleg. Me ber om at kontrollutvalet snarast bestiller ein forvaltningsrapport om kommunen si økonomistyring frå Vestlandsrevisjon IKS. Denne forvaltningsrapporten skal prioriterast og vil føra til at andre forvaltningsrapportar vert skjøve ut i tid, eventuelt til neste kommunestyreperiode. Forvaltningsrapporten må identifisera alle eventuelle avvik, observasjonar eller uheldige rutinar i kommunen si økonomistyring og koma med forslag til tiltak for å lukka desse.

Desse tiltaka/tilboda skal vidareførast som i dag:

- Barnehagetilbodet om sommaren.
- Vidarefør kontinuerleg opptak i barnehagane inntil bemanninga må aukast, då må nye inntak godkjennast av formannskapet.
- Samanslåing av barnehagane kan ikkje skje dersom dette er ulovleg. Sjå skriv frå Utdanningsforbundet.
- Ungdomsklubben vert vidareført som i dag.
- Ungjobb vert vidareført som i dag
- Driftstilskot kyrkja vert vidareført som i 2025.
- Fysioterapitilbodet skal oppretthaldast. Ingen kutt i driftstilskotet.
- Vidareføra køyringa til Aufera.
- Me skal framleis ta inn TAF-elevar.
- Annonsering i lokalavisene.
- Revisjonstenestene skal ikkje setjast ut på anbod.
- Tilskot Kunsthuset.

Følgjande tiltak skal ikkje vurderast:

- Etablere eige aksjeselskap saman med andre kommunar for å drifte plan og byggesak.

Avdelinga for plan og byggesak er svært effektiv og har eit godt omdømme både i og utanfor kommunen. Denne avdelinga skal oppretthaldast som i dag.

Dersom andre kommunar i regionen er interessert i eit samarbeid, kan det vurderast å etablere eit interkommunalt VA-selskap.

Elles ber me kommunedirektøren om følgjande:

- Vurdere hjelpemiddellager

- Gjennomgå bilhaldet for å sjå etter moglege innsparingar.
- Leggja fram ei oversikt over politiske godtgjersler for vurdering i kommunestyret.